

Kvartalsrapport for

2. kvartal 2017



Valle Sparebank

Delårsrapport 2. kvartal 2017

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2016. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.17 er forvaltningskapitalen på 1.560,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 177,9 mill. kroner, eller 12,9 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.17 på 1.327,4 mill. kroner, som er ein vekst på 122,1 mill. kroner, eller 10,1 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 53,1 mill. kroner eller 4,2 % i forhold til 01.01.17. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 540,8 mill. kroner, ein auke på 91,7 mill. siste 12 månadar. Total utlånsendring (eigen balanse og EBK) er 12,9 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.17 på 1.118,1 mill. kroner, som er ein auke på 51,2 mill. kroner, eller 4,8 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 84,2 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstall 88,5 %. Det har vore ein auke i innskot på 1,5 mill. kroner eller 0,1 % sidan 01.01.17.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 3 mill. kroner, mot eit overskot på 7,6 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 2,8 mill. kroner, mot eit overskot på 6,4 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 14,2 mill. kroner, som er 0,2 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 1,88 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,05 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 5,2 mill. kroner, som er ein auke på 0 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 13,1 mill. kroner mot 11,6 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 9,5 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 8,6 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjør ein kostnad på 3,24 mill. kroner, mot ein kostnad på 1,13 mill. kroner til same tid i fjor. Tapskostnadene er høgare enn normalt, og hovudårsaka til det negative avviket er ei tapshending i lokalt næringsliv.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 171,7 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2017. Dette gir ei kapitaldekning på 21,45 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjør 1173,2 mill. kr (1045,7 på same tidspunkt i fjor) eller 88,4 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjør 154,1 mill. kr (159,5 på same tidspunkt i fjor) eller 11,6 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 30.6.17 er 143. Vesentlege delar av auken i andre driftskostnader er eingongskostnader knytt til engasjementsoppfølging.

Utsikter for resten av året


Rentemarginen har minka i høve til på same tid i fjor på grunn av konkurransesituasjonen og høgare likviditetsreserve. Volumveksten kompenserer for delar av marginfallet. Likviditetssituasjonen er tryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken har så langt i år vore noko høgare enn budsjettert, og kundeveksten har vore god. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor ein dag i veka i Vennesla har vore så vellukka. Den årlege kundeundersøkinga synte svært positiv utvikling og styret opplever at banken framstår som ein attraktiv bank godt rusta til å møte den harde konkurransen om kundane.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.


Valle, 7. august 2017


Jostein Rysstad
(styreleiar)


Geir Olav Uppstad


Olav K. Mosdøl
(nestleiar)


Erling Sagnæs


Anne Gjerden


Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Tap på utlån	30.06.17	31.12.16	30.06.16
Mislegghaldne lån:			
Brutto mislegghaldne lån:	12.809	6.746	6.468
Netto mislegghaldne lån:	12.673	6.099	6.015
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	16.354	18.587	18.317
Netto tapsutsette, ikkje mislegghaldne lån	11.549	16.702	16.677
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	2.882	707	268
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	59	325	183
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	311	727	712
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-10	-60	-29
Periodens tapskostnader	3.242	1.819	1.192

Kvartalsvis resultatutvikling	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal	2.kvartal
<i>(Tal i heile tusen)</i>	2017	2017	2016	2016	2016
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	10.969	10.488	10.400	10.270	10.141
Rentekostnader og liknande kostnader	3.722	3.553	3.197	3.016	3.169
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.247	6.935	7.203	7.254	6.972
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.119	12	0	0	1.963
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.867	1.699	1.957	1.981	1.778
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	377	425	411	395	399
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	112	128	66	224	286
Andre driftsinntekter	34	50	65	34	51
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.811	4.694	6.314	3.897	4.514
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	119	107	119	109	109
Andre driftskostnader	2.019	1.392	1.348	1.037	1.267
Resultat før tap og skatt	4.053	2.206	1.099	4.055	4.761
Tap på utlån, garantiar m.v.	-3.188	-54	-342	-222	-158
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	146	1.111
Skatt på ordinært resultat	-350	572	231	995	670
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.215	1.580	526	2.984	5.044

Nøkkeltal	30.06.17	31.03.17	31.12.16	30.09.16	30.06.16
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,88 %	1,87 %	2,04 %	2,05 %	2,05 %
Driftsinntekter	0,69 %	0,40 %	0,62 %	0,68 %	0,76 %
Driftskostnader	1,74 %	1,67 %	1,74 %	1,60 %	1,69 %
Resultat for rekneskapsåret	0,37 %	0,43 %	0,71 %	0,91 %	0,94 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	2,91 %	3,29 %	5,10 %	6,81 %	7,00 %
Kostnader i % av totale inntekter	67,74 %	73,73 %	65,61 %	58,70 %	60,24 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	68,59 %	74,88 %	66,92 %	60,10 %	61,65 %
Tap i % av brutto utlån	0,24 %	0,00 %	0,13 %	0,11 %	0,09 %
Netto ansvarleg kapital	171.697	173.762	176.090	167.364	168.725
Kjernekapital	171.697	173.762	176.090	167.364	168.725
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	800.500	784.288	793.788	771.482	760.700
Kapitaldekning i %	21,45 %	22,16 %	22,18 %	21,69 %	22,18 %
12 mnd forvaltningsvekst	12,87 %	9,97 %	9,60 %	2,48 %	0,08 %
12 mnd utlånsvekst	10,13 %	6,88 %	6,63 %	2,55 %	0,08 %
12 mnd innskuddsvekst	4,80 %	3,48 %	4,55 %	1,74 %	0,32 %
Innskudd i % av utlån	84,23 %	84,76 %	87,63 %	86,09 %	88,52 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.519.465	1.501.321	1.398.743	1.383.769	1.375.019
Antall årsverk	13,0	13,0	13,0	13,8	13,0

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i hele tusen

30.06.16	31.12.16	30.06.17		30.06.17	31.12.16	30.06.16
2,99 %	2,94 %	2,85 %	Renteinntekter og liknande inntekter	21.457	41.091	20.421
0,94 %	0,90 %	0,97 %	Rentekostnader og liknande kostnader	7.275	12.612	6.399
2,05 %	2,04 %	1,88 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	14.182	28.479	14.022
0,29 %	0,14 %	0,28 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.131	1.963	1.963
0,51 %	0,53 %	0,47 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	3.566	7.427	3.489
0,12 %	0,12 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	802	1.639	833
0,06 %	0,05 %	0,03 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	240	728	438
0,02 %	0,02 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	84	217	118
0,76 %	0,62 %	0,69 %	Sum andre driftsinntekter	5.219	8.696	5.175
1,26 %	1,35 %	1,26 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	9.505	18.825	8.614
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	226	445	217
0,40 %	0,37 %	0,45 %	Andre driftskostnader	3.411	5.119	2.734
1,69 %	1,74 %	1,74 %	Sum andre driftskostnader	13.142	24.389	11.565
1,12 %	0,91 %	0,83 %	Driftsresultat før tap	6.259	12.786	7.632
-0,17 %	-0,12 %	-0,43 %	Tap på utlån, garantier m.v.	-3.242	-1.698	-1.134
0,16 %	0,09 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	0	1.257	1.111
1,11 %	0,88 %	0,40 %	Resultat av ordinær drift før skatt	3.017	12.345	7.609
0,17 %	0,17 %	0,03 %	Skatt på ordinært resultat	222	2.406	1.180
0,94 %	0,71 %	0,37 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	2.795	9.939	6.429

Balanse

Eigedelar

Beløp i hele tusen

	30.06.17	31.12.16	30.06.16
Kontantar og fordringar på sentralbankar	25.722	24.507	16.068
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	7.715	32.636	18.884
Utlån til og fordringar på kundar	1.327.364	1.274.238	1.205.243
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-4.941	-2.532	-2.093
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.319.823	1.269.106	1.200.550
Overtatte eigedelar	0	4.650	4.650
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	137.378	109.919	73.442
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	48.715	45.234	43.618
Eigarinteresser i tilknytte selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle eigedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	14.911	14.716	14.894
Andre eigedelar	380	482	5.532
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	6.071	4.465	5.169
Sum eigedelar	1.560.715	1.505.715	1.382.807

Gjeld og eigenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	160.337	160.488	110.326
Innskot frå og gjeld til kundar	1.118.089	1.116.581	1.066.890
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	74.900	25.000	0
Anna gjeld	3.157	5.628	7.416
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	7.107	2.715	6.910
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	392	392	111
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.363.982	1.310.804	1.191.653

Opptent eigenkapital	193.938	194.911	184.725
Udisponert overskot	2.795		6.429
Sum eigenkapital	196.733	194.911	191.154
Sum gjeld og eigenkapital	1.560.715	1.505.715	1.382.807

Vilkårsette skyldnader	64.239	72.080	66.544
Skyldnader	69.351	31.632	36.635